



Notat

Dato: 29.05.2015
Arkivsak: 2015/5532-1
Saksbehandlar: jorgjor

Til: Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmann

Lokal samfunnsutvikling i kommunane (LUK) - om fire inspirasjonskonferansar

Bakgrunn for saka

LUK er eit 5-årig utviklingsprogram (2010-2015) retta mot å styrka samfunnsutviklinga i kommunane. Eit av tiltaka i Hordaland har vore inspirasjonskonferansar for politisk og administrativ leiing og dei som elles arbeidar med samfunnsutvikling i kommunane. LUK-programmet er eit partnerskapssamarbeid mellom Fylkesmannen, Innovasjon Norge og Hordaland fylkeskommune. Næringsseksjonen ved regionalavdelinga har hatt ansvaret for å gjennomføre konferansane.

Frå søknaden KMD for 2013:

Om motiverings- og formidlingstiltak overfor kommunar som lukkast i samfunnsutviklingsarbeidet:

- *Mål: Kommunane skal bli meir motiverte og få kunnskapsmessig påfyll til å fortsette og vidareutvikle seg i rolla som samfunnsutviklar. Dei skal og bli dyktigare til å lære av sine eigne suksessar og ikkje minst til å formidle desse suksessane til andre.*
- *Målgruppe: Nokre kommunar som har kome langt i å prioritere det politiske og administrative arbeidet med samfunnsutvikling. Dei må kunne vise til praktiske, interessante døme som er relevante for andre og vere villige til å formidle desse til inspirasjon for andre kommunar. Dei må ha vilje til å prioritere fortsett utvikling.*

Det vart løyvd 400 000 kr frå KMD over to år, noko som gjorde det mogeleg å arrangere fire konferansar og invitere alle kommunar i Hordaland til å delta.

Hovudtanken bak konferansane er at det er god kompetanse og mykje erfaring i eige fylke, og at det er god læring for mange om ein systematisk lager arenaer og nettverk for å dele kunnskapen.

Kommunane Austevoll, Kvinnherad, Os og Voss fekk ei sentral rolle som vertskommunar og vart brukt som «læringsarenaer» for kommunane.

Deltakinga på inspirasjonskonferansane var høg og tilbakemeldingane var hovudsak svært gode.

Gjennomføring

Konferansane vart gjennomført slik:

Austevoll:	8 kommunar frå Nordhordland	- mai 2014
Kvinnherad:	8 kommunar frå Midthordland/Sotra	- juni 2014
Os:	8 kommunar frå Sunnhordland	- sept.2014

Voss: 8 kommunar frå Hardanger - april 2015

32 av 33 kommunar deltok på konferansane.

Ramme og tema for konferansane

Kommunane vart invitert regionsvis og invitasjonen gjekk til ordførar, rådmann og to tilsette/ politikarar som arbeidar med samfunnsutvikling, samt dagleg leiar for regionråda eller dei ansvarlege for regionssamarbeidet. Programmet gjekk frå lunsj til lunsj.

Programmet i grove trekk:

Dag 1: Innlegg frå partnarskapen og andre. Gjennomgang av samfunnsutviklingsarbeidet i vertskommunen med påfølgjande synfaring til gode døme på målretta utviklingsarbeid. Gruppearbeid med vertskommunen som tema.

Dag 2: Kommunane i Hordaland reflekterte over eigen organisasjon og korleis dei arbeider med nærings- og samfunnsspørsmål i samspel med kommunane i sin region. Work-shops kommunevis med presentasjon av korleis kommunane arbeidar. Sentrale tema var:

- Kommunen i møte med næringsinitiativ og dugnadsånd
- Kompetansen i kommunen – organisering og vedlikehald og korleis han blir brukt
- Kommunens rolle – på politisk og administrativt nivå
- Samanheng mellom planar og praksis

Samarbeidpartnarar og ressurspersonar

Leiar i kommunal- og forvaltningskomitéen på Stortinget og tidlegare ordførar i Austevoll, Helge André Njåstad deltok med innlegg på dei tre første konferansane og la vekt på at samfunnsutviklingsarbeidet var nært knytt til planarbeidet i kommunane. Han oppmoda til aktiv bruk av planreiskapen i samfunnsutviklingsarbeidet.

Prosessleiar for dei tre første samlingane var Magne Bjørnerud, for den siste samlinga, Arild Sondre Sekse. Representantar for partnarskapen IN, FMLA og HFK deltok med innlegg. Planseksjonen HFK deltok som medarrangør. Regionrådsleiarane har bidrige med forankring av innhald og deltaking, slik at vi fekk med dei som kan påverke utviklinga i kommunane. Regionrådsleiarane har og vore sparringspartnare for å målrette innhaldet i konferansane best muleg mot dei ulike regionane.

Målet var å lage ein annleis konferanse

- Med kommunen som læringsarena og kommunane i regionane som nettverk
- Der eigen kommune og eigen praksis står i sentrum
- Med rom, ro og tid til å bli betre kjent med tankar og arbeidsform hos gode grannar
- Der ein ser kvarandre i korta og let seg inspirera til å sjå sitt eige i nytt og kanskje større perspektiv
- Der ein møter ein vertskommune som syner fram det beste av sitt
- Og der gode idear kan inspirere til endring og betre praksis i eigen kommune

Evaluering

Inspirasjonskonferansane er en ny måte å få til erfaringsdeling og læring. Difor har det etter kvar konferanse blitt sendt ut eit evalueringsskjema der vi spurte om deltakarane sine syn på ulike deler av konferansane.

Tabellen nedanfor syner nokre av spørsmåla og svara frå deltakarane. På ein skala frå 1 til 6 der 6 er «Veldig fornøyd», syner evalueringa eit resultat på mellom 4,0 og 5,6 på spørsmåla. Ut frå det kan ein tolke at deltakarane stort sett var godt nøgd med denne måten å arbeide på.

Svarprosent:

Austevoll: 16 svar: 62 %

Kvinnherad: 28 svar: 72 %

Os: 18 svar: 50 %
Voss: 10 svar: 48 %

	Austevoll	Rosendal	Voss	Os
Eg fekk tilstrekkelig informasjonen om konferansen i forkant	4,8	4,5	5,1	4,8
Eg forsto målet med konferansen	4,6	4,6	5,0	5,2
Innhaldet var relevant for arbeidet mitt	4,7	4,4	4,9	5,5
Det faglege nivået var godt	4,8	4,5	4,4	5,2
Synfaringa var interessant og relevant	4,8	4,7	4,2	5,6
Konferansen svarte til forventingane mine	4,8	4,6	4,4	5,4
Strukturen/ opplegget for dagen	4,3	4,5	4,6	5,1
Prosessleiringa	4,4	4,3	4,7	4,9
Utbyte for deg	4,3	4,0	4,4	5,1
Utbyte for dykker kommune	4,2	4,1	4,1	4,9
Tid til refleksjon	4,1	4,4	4,4	4,9

Nokre kommentarar frå deltakarane:

Kva kan gjere inspirasjonskonferansen betre?

- Lengre tid til arbeid i gruppe med forskjellige kommunar, man hadde tjent på å veksle med dei andre, sidan alle kommunar er så forskjellige...
- Meir involvering frå kommunane, få fram suksesshistorier frå alle deltakarkommunane
- Fagleg sett kunne opplegget loddar djupare. Blei veldig enkle forklaringar på ein situasjon som er samansett.
- Fleire konkrete eksempel og gjennomgang av kvifor dei lyktest eller mislyktest

Har du forslag til korleis arbeidet kan følgjast opp?

Frå fylket?

- Kanskje ein kan ta initiativ til nye slike konferansar der potensielle storkommunar kan tenka høgt om korleis samfunnsutviklinga kan sikrast med nye kommunegrenser?
- Etter 4 konferansar bør innhenta kunnskap om alle kommunane setjast saman i ein rapport/analyse. Dette er verdefull kunnskap som bør nyttast til dømes i samband med kommunereformarbeidet.
- Fylket kan fortsetja det gode arbeidet med å legge til rette for læringsarena der kommunane sine erfaringar vert teke opp. Bidra til å fremme nettverk.
- Følg gjerne opp med tilsvarende samling med de tilsvarende kommunene om to år. Hva har vi oppnådd siden sist? Gjorde vi det vi sa vi skulle gjøre?

Frå regionkontora?

- Regionkontora må følgje opp og anvende/tolke/analysere læringa for dei andre nivåa og presentere dette på ein måte som gjer at det skjer ytterlegare læring.
- Kan nyttast i samband med kommunereformarbeidet.
- Delta aktivt som mellomledd mellom FK og kommunane.

Frå kommunane?

- Ta i bruk dei innspel ein har med frå konferansen, bruка det på ein god måte og bli meir bevisst på kva som kan gjerast betre.
- Bør følge opp «plakatene» i formannskap og med resten av ledelsen. Få mer og dypere eierskap og følge opp i strategiplan og økonomiplan.

- Me kjem mellom anna til å ta kontakt med vertskommunen for å henta opplysningar om dei prosessane dei brukte i høve til bygging av omsorgsbustader

Rapporter frå inspirasjonskonferansane

Frå kvar av konferansane er det laga rapport som kort sumrar opp gruppearbeid og innlegg. Rapportane har og bilder frå synfaringane og samlingane. Rapportane er lagt ved meldinga til fylkesutvalet.

Vedlegg

- 1 Inspirasjonskonferanse Voss - rapport
- 2 Inspirasjonskonferanse Os - rapport
- 3 Inspirasjonskonferanse Kvinnherad - rapport
- 4 Inspirasjonskonferanse Austevoll - rapport